

Våningshuset ferdig utvendig

I påska -13 vart våningshuset i Årdalen ferdig kledd utvendig. Dermed er eit viktig arbeid avslutta. Førrebels er det berre eitt strøk maling på kledninga, men vi har planer om å få på eitt strøk til i løpet av sommaren.



Det var Kenneth Vederhus som tok på seg å gjere ferdig ytre og øvste veggen no i vår. Atle Nøstdal og Jan Hammersvik har vore med så mykje dei har hatt høve til, elles har Øyvind Olsen vore med.

No er huset i svært god stand utvendig. Det står att å føre ut og liste vindauga inne, slik at gardiner kan hengast opp. Litt husvask med grønsåpe trengs nok også.

